

Arne Hagen

Vår ref:
20/8687-2

Saksbehandlar:
Vidar Lofthus, 95240521
vilo@mt.kommune.no

Arkivkode:
FA-S11

Dato:
13.11.2020

Regulering Seljordsvatn og omlegging av Høseåi

Viser til telefonsamtale og mail frå deg rundt regulering og omlegging av Hønsåi.

Skal prøve å svare på dine spørsmål etter beste evne og så langt eg har klara å innhente gamal informasjon.

Seljordsvatnet blir styrt av ein fjellterskel med overgang til natureleg terreng ute i enden av vatnet og er å sjå på som eit uregulera vatn. Det fins derfor ikkje noko lågaste eller høgaste regulerte vasstand eller normalvasskote i konsesjonen. Det som finnes er ein seinkingrett der vatnet kan seinkast med 0,5 m. i lågvassperiodar. Dette finn ein i konsesjonen ned tilhøyrande manøvreringsreglement frå 1944/45 og 1955, som du refererer til i din mail.

§ 1 sitat « Avstengningsinnretningen i tappekanalen skal holdes stengt i høyvannsperioder »

Dette betyr at tappekanalens innretning bare skal brukast i lågvassperioder som kan definerast som vassføring ut av Seljordsvatnet ned mot pålagt minstevassføring, og som er etter avtale/konsesjon er 4,5 m3/sek og 4,0 m3/sek i tørkeperiodar.

§ 2 sitat «Det skal ved manøvreringen has for øye at vassdraget tidligere flomvassføring så vidt mulig ikke forøkes. Heller ikke må lågvassføringen forminskes til skade for andres rettigheter. »

Dette betyr at den opphavlege vassføringa ut av Seljordsvatn før etablering av tappeinnretning skal oppretthaldast så langt som mogleg, med unnatak av i lågvassperiodane.

NVE har gjennomført vassmålingar i Seljordsvatnet sidan 1884 og har med dette eit godt grunnlag for å lage statistikk over gjennomsnittleg vasstand for heile perioden fram til i dag. Etter våre opplysningar sit også Sundsbarm Kraftverk på same datagrunnlaget.

Når det gjeld ditt spørsmål om utførte tiltak Hønsåi så er dette en erosjonssikring som blei utført av NVE i 1954 for å take vare på gardar, infrastruktur og landskap i utløpsområdet til Hønsåi mot Seljordsvatnet, inkludert dykkar eigedom.

Avslutningsvis vil vi vise til NVE ifall du ynskjer fleire opplysningar rundt spørsmålet om HRV, LRV og normal vasstand for Seljordsvatnet. Seljordsvatnet kan ikkje samanliknast med andre kraftverksmagasin som har dam og overløpsterskel med definerte kotehøgder.





Med helsing

Vidar Lofthus
kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

Kopi til

Per Dehli

Bøgata 67

3833

BØ I TELEMARK

Siri Blichfeldt Dyrland

Bøgata 67

3833

BØ I TELEMARK

